

Og faktisk tenkjer eg at "The Pledge" også er eit forsøk på å utforske noko meir enn berre det karakterane i filmen gjer. Men sjølv om det skulle vere ei øving, så innheld den nok kvalitet på manus og skodespelarsida at det held heilt heim. Bjørn Sundquist. er jo strålende og eg moro meg over den herleg kyniske oppførsle til begge to. Ein skal ikkje vri så utruleg mykje på eit manus og karaterane før det sit. Dettte er eit strålende døme på det. Den einaste "dokumentaren" var "Det smakar så gott" om eit ektepar i åttiåra som framstod som eit perfekt ying-ying par. Heilt like klede, heilt like vanar. Kunne fort ha vorte trist om fortadssverige, men ekteparet strålar ut så mykje kjærleik og otimisme at ein vert heilt misunneleg. At dei sjølv har vore med på å finne fram til scener og sketjsar, forvirrar oss ikkje. Filmen veks ut i frå dette og framstår som ei kjærleikserklæring til eit par som Linda

Savehol har truffe på sin veg. Bra.

"Smak av sommer" framstår derimot som ein slags pølserk-lame med ein twist og ein undrar seg litt om dette er adbusting eller noko for Finn Skårderud. Eg veit ikkje. hjer-nen mine seier berre: pling-pling-pling.

Stefan Faldbakken og Sara Johnsen er to av dei mest håpefulle regissørane innan norsk kortfilm. Kva dei håpar på veit eg dog ikkje. Faldbakken sin "Anolit" framstår kan hende fram som ein søknad om å få lage oppvekstfilmar i skjæringspunktet mellom by og land. I utgangspunktet tykkjer eg at historia held. men diverre vert den besulda med overdreven klårleik, og ekstreme verkemiddel. Dei hadde jo faktisk ikkje vore nødt til å faktisk gjere DET. Og kompisen som er sint på direktørfaren sin kunne jo ha vore sint på kva som helst. Men det som reddar heile filmen og som gjer at eg håpar

på Faldbakken i framtida, er sjåførkompisen til hovudpersonen. Han får lov til å berre vere seg sjølv. Han utviklar seg gjennom det som hender innanfor filmforteljinga og ikkje på grunn av eit eller anna Oidipus-prosjekt. Han er ein figur i ei novelle. Berre litt synd at dei andre ikkje er det.

"Houdinis hund" er ein bornefilm og fortjener vel å verte vurdert som det. Men vil ungane ha enkle så løysingar? Filmen er flott og sjå, eg likar dokumentar-trikset og skodespelarane er flinke. Men kvifor eit slikt klikklakk-manus? Johnsen har tidlegare ikkje vore redd for å rote på i det usagte og finfølande, mens dette her framstår som mekanisk. Ein skal jo ikkje forvente at regissørar skal lage dei same filmene om igjen, men dette var ikkje heilt som forventet. Men for all del; Anna Sofie ville ha likt den kjempegodt. Og den styrste gleda ein kan ha, det er å gjere andre glad.